



Vedtekter for Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug Vedtatt på årsmøtet 22. oktober 2008

Lensmannsgarden på Varhaug er frå 1925 og er no eigmend av Hå kommune. Tunet og bygningane har både arkitektoniske og kulturhistoriske verdiar som det er viktig å ta vare på både for Varhaug og Hå kommune. Dette vart stadfesta i kommunestyrevedtak 8. mai 2008.

1. Visjon

Visjonen for Vennelaget:

- Utvikla heile tunet på Lensmannsgarden til ein kulturell møteplass for grupper i alle aldrar på tvers av etablerte miljø.
- Ta vare på dei kulturhistoriske verdiane på Lensmannsgarden

2. Føremål

Føremål for Vennelaget:

- Vera saman om å ta vare på Lensmannsgarden
- Bidra med dugnadsarbeid til restaurering og vedlikehald
- Medverka aktivt til å etablera aktivitetar på området (arrangør/medarrangør)
- Formidla historie og kulturhistorie
- Vera ein støttespelar for Hå kommune.

3. Medlemskap i Vennelaget for Lensmannsgarden

Vennelaget er ope for medlemskap for enkeltpersonar og familiar.

4. Styret

Vennelaget skal leiast av eit styre på fem medlemmer, dvs. leiar og fire styremedlemmer, og styret skal ha eit fast møtande varamedlem. To av styremedlemmene står på val kvart år. Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, sekretær, kasserar og styremedlem.

Styret kan fatta vedtak når minst tre medlemmer er til stades. Styreleiaren si stemme vil avgjere ved stemmelikskap.

Styret er ansvarleg for å gjennomføra det arbeidsprogrammet som er vedteke.

Hå kulturkontor har møterett i styret.

5. Årsmøtet

Det skal haldast årsmøte innan utgangen av mars månad. Innkalling til årsmøtet skal skje skriftleg til medlemmene i laget seinast 14 dagar før årsmøtet. Årsmelding med revidert rekneskap og arbeidsprogram med budsjett vert lagde med i innkallinga eller lagde ut på vennelaget si internetside seinast 14 dagar før årsmøtet.

Registrerte medlemmer i Vennelaget har stemmerett på årsmøtet ved personleg frammøte. Familiar kan møte med to stemmer på årsmøtet.

Årsmøtet avgjer saker med vanleg fleirtal. Unntak er endringar i vedtekten. Styreleiaren si stemme avgjer ved stemmelikskap.

Årsmøtet skal velja møteleiar og handsama følgjande saker:

- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Langsiktig og kortsiktig arbeidsprogram
- Medlemskontingent
- Budsjett
- Innkomne forslag
- Val av:
 - Styreleiar (for eit år)
 - Styremedlemmer (for to år)
 - Varamedlem (for eit år)
 - Revisor (for eit år)
 - Medlem til valnemnd (for tre år)

Forslag til årsmøtet må fremjast for styret seinast 31. januar og refererast i innkallinga.

Ekstra årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemmene ynskjer det.

6. Valnemnd

Årsmøtet vel medlemmer til valnemnd for 3 år. Eit av medlemmene i valnemnda står på val kvart år. Årsmøtet vel leiar.

7. Endring av Vennelaget sine vedtekter

Styret og alle medlemmene kan foresla endringar i vedtekten. Forslag må fremjast for styret seinast 31. januar. Endringar av vedtekten krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.

8. Opplysing

Eventuell opplysing av Vennelaget skjer på årsmøtet og krev $\frac{3}{4}$ fleirtal av lagsmedlemmene. Det laget måtte eiga vert ved opplysing overført til Hå kommune.